

49. ÅRGANG  
3/2021

6 To blikk på  
nynorsk i skolen

20 Hvem skal redde  
norsk fagspråk?

24 Intervju med  
Sofie Høgestøl

# Språknytt

Temanummer

## SPRÅKDAGEN

2021 | Følg TV-sendinga  
9. november



Språkrådet

# INNHOOLD

3/2021

4 Program Språkdagen 2021

6 To blikk på nynorsk i skulen

14 Opplæringslova  
ute til høyring

16 Å skrive med eit mål

20 Hvem skal redde  
norsk fagspråk?

24 Anglofil forkjemper  
for norsk fagspråk

30 Språkbrukeren

31 Meld deg på  
Språkdagen 2021

32 Vi gratulerer vinneren  
av Språkprisen 2021



6



6



24



# Velkommen til Språkdagen 2021!

Bladet du holder i hendene, er et spesialnummer av Språknytt. Vi lader opp til Språkdagen 9. november med stoff som henger sammen med hovedtemaet for dagen: kunnskap.

I år har Stortinget vedtatt en ny lov om språk. Det er en stor og gledelig nyhet for alle språkbrukere i Norge. Språkloven gir deg nemlig rettigheter! Men skal språkloven fungere etter hensikten, holder det ikke at vi i Språkrådet passer på språkpolitikken. Det skal mer til.

Alle har ansvar for å følge opp språkpolitikken: Forvaltningsorganene må tenke på språkpolitikken når de lager forskrifter. Helseforetakene må tenke på språkpolitikken når de skal kommunisere med pasienter. Departementene må tenke på språkpolitikken når de for eksempel skal endre navn på et direktorat.

Et særlig viktig språkansvar har kunnskapssektoren. Derfor er kunnskap tema

for Språkdagen i år. Språk er grunnleggende i hele opplæringsløpet, det er avgjørende for kvaliteten på utdanningen, og det er viktig for formidling av kunnskap og forskning til resten av samfunnet. Demokratiet fungerer best når så mange som mulig kan delta i samfunnsdebatten.

I dette nummeret av Språknytt kan du lese om noen av utfordringene som vil bli debattert på Språkdagen. Hvordan kan vi sikre at nynorskelever i skolen får like god undervisning som bokmåls elever? Hva skal til for å utvikle norsk fagspråk når utdanningsinstitusjonene blir mer og mer internasjonale? Les deg opp, meld deg på Språkdagen, og bli med i debattene på sosiale medier med emneknaggen #språkdagen2021.



→ ÅSE WETÅS  
direktør i Språkrådet

Vi sees!



09.00–09.40



## OPNING

09.00–09.10

Rikets tilstand,  
ved **Åse Wetås**, direktør i Språkrådet

09.10–09.25

Språklova på 1-2-3, ved **Sofie Høgestøl**, jurist,  
førstemanuensis ved Universitetet i Oslo

09.25–09.40

Intervju med **Sofie Høgestøl**, ved **Espen Aas**

09.40–09.50



## FILM

09.50–10.20



## RETT PÅ NYNORSK

### Debatt om nynorsk i skulen

Kunnskaps- og integreringsministeren

**Kristin Takvam Rekve**, leiar for grunnskulane på Voss,  
Voss herad

**Liv Astrid Skåre Langnes**, lærar,  
Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

**Marte Blikstad-Balas**, professor ved Institutt for  
lærerutdanning og skuleforskning, Universitetet i Oslo

\*Med atterhald om endringar. Program og påmeldings-  
skjema vert lagde ut på Språkrådets nettsider.  
Arrangementet vert tolka til teiknspråk.

Sjå direktesendinga frå Det Norske Teatret i Oslo  
9. november kl. 9.00–11.30.

DEBATTLEIAR Espen Aas, journalist i NRK



10.20–10.30



FILM

10.30–11.00



**INGEN FAG Å MISTE! – SLIK SIKRAR VI  
NORSK FAGSPRÅK FOR FRAMTIDA**  
Debatt om norsk fagspråk

Statssekretær frå Kunnskapsdepartementet

Sunniva Whittaker, styreleiar i Universitets-  
og høgskolerådet

Mariel Aguilar-Støen, professor ved Senter  
for utvikling og miljø, Universitetet i Oslo

Kristin Danielsen, områdedirektør for internasjonalisering  
og forskingssystemet, Forskringsrådet

11.00–11.15



**SPRÅKPOLITISK KVARTER**

Samtale om språkpolitikk i kunnskapssektoren

Hege Nilssen, direktør i Utdanningsdirektoratet

Harald E. Nybølet, divisjonsdirektør i Direktoratet  
for høgare utdanning og kompetanse

Åse Wetås, direktør i Språkrådet

11.15–11.20



**AVSLUTNING**

ved Åse Wetås

# To blikk på nynorsk i skulen



Over 70 000 elevar har nynorsk som hovudmål i grunnskulen. Korleis er eigentleg undervisninga for desse elevane? To ferske masteroppgåver gjev oss ny kunnskap.

AV SIGRID SØRUMGÅRD BOTHEIM

FOTO: JOHN ERIK BØE LINDGREN



Foto: Ninosksenteret





### MASTEROPPGÅVE:

#### *Von om betre tider?*

*Ei gransking av grunnskulelærer-  
utdanningane si sikring av nynorsk-  
kompetansen til studentane på  
retninga 5–10 utan norsk i fagkrinsen*

→ Av Ida Marie Jegteberg (f. 1997)

Emnet er undervisningsvitenskap med fordjuping i norsk. Oppgåva er skriven ved Høgskulen på Vestlandet våren 2021. Jegteberg studerer engelsk ved Universitetet i Oslo. Tidlegare har ho gått på grunnskulelærerutdanninga.



#### → **Kunnskap og haldningar i lærarutdanningane**

Ida Marie Jegteberg har skrivt masteroppgåve om nynorskkompetanse i grunnskulelærerutdanningane (2021). Ho såg at det fanst ei gruppe lærarstudentar som datt mellom to stolar. Dei som tek grunnskulelærerutdanninga for femte til tiande trinn og ikkje har norsk som fag, har ikkje obligatorisk norskundervisning. Hypotesen hennar var at desse studentane ikkje lærer nynorsk godt nok til å sjølve kunne undervise nynorskelevar, som har krav på undervisning på nynorsk også i andre fag enn norsk.

– Eg fann ut at nynorskkompetansen til studentane ikkje blir sikra i tilfredsstillande grad ved mange utdanningsinstitusjonar i Noreg. Nokre institusjonar prøver å få det til. Dei skriv om det i programplanane sine, og dei har både undervisning i nynorsk og vurderingar av kom-

petansen. Andre institusjonar har eit arbeidskrav eller ei oppgåve på nynorsk. Fire av tolv institusjonar tar i programplanane sine opp korleis nynorskkompetansen til studentane skal bli utvikla gjennom undervisning, og fem av tolv inkluderer ei form for vurdering av kompetansen. Det er stor variasjon mellom institusjonane, og det er ofte einskildpersonar som avgjer om det blir gjort noko. Dessutan finst det dårlege haldningar i systemet. Generelt er det lite merksemd om temaet.

*Kva konsekvensar har dette for elevar med nynorsk som hovudmål?*

– Om elevane ikkje får god undervisning på nynorsk i andre fag enn norsk, blir dei ikkje trygge på sitt eige skriftspråk. Mange føler at dei meistrar bokmål betre enn nynorsk, og da byter dei gjerne hovudmål når dei kjem til ungdomsskolen eller vidaregåande. Dessutan vil hald-





ningane frå lærarane smitte over på dei, noko som går ut over sjølvkjensla, sidan språk og identitet heng tett saman.

Norsk er ikkje eit obligatorisk fag på lærarutdanninga for dei som vel å gå retninga 5–10. Utdanninga har eit ansvar for å sikre at studentane har profesjonsfagleg kompetanse i nynorsk og bokmål, men for dei studentane som ikkje vel norsk, er det ikkje tydeleg kven som skal ha ansvaret for å undervise i nettopp dette.

– Det er ei utfordring at ansvaret ofte blir lagt på kvar enkelt undervisar. Ein undervisar med interesse for temaet lagar gjerne gode opplegg kvart år. Men når denne undervisaren sluttar, forsvinn heile opplegget. Ei anna utfordring er dårlege haldningar, både blant leiingane og lærarutdannarane: Nynorsk blir ikkje sett på som noko viktig eller noko ein får bruk for, seier Jegteberg.

Om elevane ikkje får god undervisning på nynorsk i andre fag enn norsk, blir dei ikkje trygge på sitt eige skriftspråk.





### MASTEROPPGÅVE:

#### ***Nok tilfang på begge målformer?***

*Om språkleg fordeling i lesebøker og tekstar i norsk for nynorskelevar i ungdomsskulen*

→ Av Liv Astrid Skåre Langnes (f. 1976)

Emnet er læring og undervisning. Oppgåva er skriven ved Høgskulen på Vestlandet våren 2021. Langnes arbeider til dagleg ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa. Tidlegare har ho vore kontaktlærer, rektor, skulebibliotekar og museumspedagog.



Foto: Høgskulen i Volda

→ *Korleis kan dårlege haldningar endrast?*

– Det handlar mykje om kunnskap. Både studentar og undervisarar må bli medvitne om at det er eit gode å ha to skriftspråk. Eg trur at kulturarv, historie og didaktikk må inn i utdanninga. I dag er det for lite undervisning i nynorsk, og den undervisninga som finst, har ulik kvalitet. Eg trur det vil hjelpe om studentane lærer meir om nynorsk i eit større perspektiv, og om undervisninga ikkje berre handlar om korleis ord skal stavast og bøyast.

Jegteberg trur at leiingane ved utdanningsinstitusjonane må ta eit større ansvar for nynorsken.

– Leiingane må innsjå at studentane ikkje lærer nynorsk godt nok. Dei må sjå at det er viktig, og dei må gjera noko med det. Det trengst pengar, ressursar og merksemd. Det trengst ein felles praksis på institusjonane i lan-

det. Det skal ikkje vera opp til eldsjeler ved kvar og ein institusjon å få til det. Eg meiner at Kunnskapsdepartementet kunne gjeve klarare retningsliner for kva som bør gjerast.

Denne hausten går Jegteberg på eit årsstudium i engelsk på Universitetet i Oslo, men ho kunne tenkje seg å forske vidare på nynorsk i lærarutdanningane.

– Eg har sjølv gått lærarutdanninga. Eg hadde fordjuping i norsk, men eg såg at det ikkje var så god sikring av nynorskkompetansen til studentane i norskfaget heller. Så det hadde vore interessant å sjå om dei som har norsk som fag, får tilstrekkeleg støtte og undervisning i nynorsk. Eg har vore interessert i dette temaet lenge, men eg er ikkje særleg politisk engasjert på feltet. Utgangspunktet mitt er at så lenge bokmål og nynorsk er jamstilte på papi-ret, må vi arbeide for å oppnå reell jamstilling.

Det ein lærer når ein les, tek ein i bruk når ein skal skrive. Gjennom lesing utvidar ein ordforrådet, og ein lærer grammatikk og ortografiske strukturar.

### Språkleg fordeling i lesebøker

Korleis er den språklege fordelinga mellom tekstar på nynorsk og bokmål i lesebøker for elevar i ungdomsskulen med nynorsk som hovudmål? Det har Liv Astrid Skåre Langnes undersøkt i ei masteroppgåve som vart levert våren 2021. Tidlegare granskingar viser at nynorskelevar les meir bokmål enn nynorsk. Langnes ynskte difor å finne ut meir om bakgrunnen for og konsekvensane av tekstfordelinga i nynorske lesebøker på ungdomsskulen.

– Eg jobba som lærar i ungdomsskulen for nokre år sidan. Da ynskte eg at elevane skulle få lesa mest mogleg nynorsk. Men i tekstsamlingane fann eg få tekstar som eigna seg til føremålet. Eg brukte rett og slett mykje tid på å finne nynorsktekstar. Hovuddelen av tekstane var på bokmål. Da vart eg overraska, for lesebøkene og tekstsamlingane var jo for nynorskelevar.

Langnes ville finne ut kva som var grunnen til denne skeivfordelinga, og ho ville sjå om dette fekk konsekvensar for målforma på tekstane elevane las i norskfaget.

– Eg gjekk gjennom to læreverk for nynorskelevar. Om lag to tredelar av tekstane var på bokmål. Eg fann òg ut at lærarane i stor grad brukte lesebøkene i undervisninga, og at dei hadde høg tillit til at tekstutvalet i lesebøkene var tilpassa nynorskelevane. Sjølv om lærarane også brukte ein del andre læremiddel, var lesebøkene styrande for tekstutvalet i undervisninga.

*Men er det ikkje bra at nynorskelevane les mykje bokmål og blir gode i sidemålet sitt?*

– Elevane føler seg ikkje språkleg trygge om dei ikkje møter språket sitt i tilstrekkeleg grad. Dei opplever ikkje meistring, og da trivst dei ikkje i språket sitt. Mange elevar møter →

## Lærarar som ynskjer å bruke mykje nynorske tekstar, må gjera ein kjempestor jobb sjølv. Dersom det hadde vore fleire sentrale føringar, hadde ikkje kvar enkelt lærar trunge å gjera den same jobben kvar for seg.

→ nynorsk nesten berre i skulen, og difor er det viktig at dei møter mest mogleg nynorsk der. Eg har nytta teoriar om lese- og skriveutvikling for å undersøke dette. Det ein lærer når ein les, tek ein i bruk når ein skal skrive. Gjennom lesing utvidar ein ordforrådet, og ein lærer grammatikk og ortografiske strukturar. Alt tyder på at jo meir ein les, jo fortare går språklæringa. Samtidig veit vi at nynorskelevar har mykje bokmålssamanfall i tekstane sine; dei brukar ord og grammatikk frå bokmål.

Langnes har også intervjuet forlaga for å høyre kvifor tekstane i lærebøkene er fordelte slik dei er. Forlaga svarar at dei ser på tekstsamlingane som ei stor samling der lærarane har eit arsenal av tekstar å plukke frå. Forlaga meiner det er lærarane sitt ansvar å sjølv velja kva tekstar dei vil bruke. Samtidig har lærarane høg tiltru til at lærebøkene er i tråd med læreplanen.

*Kva bør bli gjort, meiner du?*

– Det trengst føringar som sikrar nok nynorske tekstar i læreverka i norsk. Fram til 2000 var det ei nasjonal godkjenningsordning for lærebøker, med krav om at minst to tredelar av tekstane i tekstsamlingane i norskfaget skulle vera på hovudmålet. I dag er kravet at det skal vera nok tilfang på begge målformer i lesebøkene i norskfaget. Regelverket har dimed vorte meir ullent. Lærarar som ynskjer å bruke

mykje nynorske tekstar, må gjera ein kjempestor jobb sjølv. Dersom det hadde vore fleire sentrale føringar, hadde ikkje kvar enkelt lærar trunge å gjera den same jobben kvar for seg. Når ein skule brukar mykje pengar på dyre læremiddel, bør det gå an å bruke læremidla utan å gå store omvegar.

Langnes meiner at «alle» har eit ansvar for å gjera noko på dette feltet, men at føringane må koma frå toppen. Dersom Kunnskapsdepartementet sørgjer for eit tydelegare regelverk, vil ansvaret for å sikre nok tilfang på begge målformer også fordele seg nedover i systemet.

– Med sentrale føringar vil forlaga måtte gjera enda meir for at læreverka skal vera i tråd med læreplanen, skuleeigarane må ta omsyn til desse krava når dei kjøper inn læreverk, og lærarane vil få betre ressursar til å gje elevane det dei treng. I dagens opplæringslov står det at lesebøkene i norskfaget skal innehalde tilstrekkeleg med tekstar på begge målformer til at elevane lærer å lesa nynorsk og bokmål. I utkastet til ny opplæringslov er det foreslått å ta ut denne formuleringa. Eg synest tvert imot at denne formuleringa bør styrkast. Læremidla har stor påverknad på skulen, og det bør opplæringslova spegle. ●

→ Kjelde: Statistikk over elevar i grunnskulen etter målform (Statistisk sentralbyrå).

# SPRÅKDAGEN 2021



Desse deltek i debatten om nynorsk i skulen:



Kunnskaps- og integreringsministeren



Kristin Takvam Rekve  
leiar for grunnskulane på Voss, Voss herad



Liv Astrid Skåre Langnes  
lærer, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa



Marte Blikstad-Balas  
professor ved Institutt for lærarutdanning og skuleforskning, Universitetet i Oslo



Debattleiar:  
Espen Aas  
NRK / Dagsnytt 18

## SPRÅKDAGEN 2021

Det Norske Teatret  
tysdag 9. november  
9.00–11.30.

Du kan følgje direkte-  
sendinga digitalt.

Registrer deg på  
[sprakradet.no/  
sprakdagen](https://sprakradet.no/sprakdagen)



# Opplæringslova ute til høyring

Kunnskapsdepartementet har sendt eit forslag til ny opplæringslov til høyring. Forslaget skal erstatte dagens opplæringslov.

– Opplæringslova regulerer ei rekkje språkpolitiske spørsmål, og ho er difor ei sentral språklov. Lova har store konsekvensar for dei språklege rettane til skuleelevar, seier Åse Wetås, direktør i Språkrådet.

Forslaget til ny opplæringslov byggjer på ei utgreiing (NOU) frå opplæringslovutvalet, som vart levert til kunnskaps- og integreringsministeren i desember 2019. Det kom inn over 700 fråsegner da dette forslaget var ute til høyring våren 2020.

– Språkrådet sende inn eit grundig høyringssvar i den runden. Vi kjem til å setja oss nøyte inn i det nye forslaget frå departementet, og vi kjem til å sende eit like grundig høyringssvar i den nye runden, seier Wetås.

Fristen for å levere høyringssvar er 20. desember 2021. Regjeringa tek sikte på å leggje fram eit nytt lovforslag for Stortinget våren 2023. Den nye lova tek til å gjelde tidlegast i skuleåret 2023/24.



### Nokre gjennomslag – men ein del står att

Retten til å gå i ei eiga elevgruppe med elevar som har same skriftspråk, er utvida til ungdomstrinnet. Det vil seia at bokmåls- og nynorskelevar ikkje treng å gå i språkblanda klassar på ungdomsskulen. Elevar som ynskjer undervisning i og på norsk teiknspråk, skal ikkje lenger trenge ei sakkyndig vurdering. Og retten til opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk vil gjelde same kor mange som krev det. Desse endringane ser Språkrådet positivt på.

Men fleire av innspela frå den førre høyringsrunden er det ikkje teke omsyn til i forslaget. Det blir ikkje sikra at elevane får digitale læremiddel og digital infrastruktur på eige hovudmål, noko Språkrådet meiner gjev nynorskelevane dårlegare læringsvilkår enn bokmålelevane. Dei nasjonale minoritetsspråka romani og romanese får lite omtale i lovforslaget, og dei har ikkje fått status som opplæringspråk. Forslaget sikrar heller ikkje

retten til gode språkmiljø for elevar som har undervisning i og på norsk teiknspråk.

– Hovudbodskapen til Språkrådet er at språkpolitikken må takast omsyn til i andre lover og reglar enn språklova. Slik forslaget til ny opplæringslov ligg føre i dag, samsvarar det ikkje godt nok med språklova. Vi er særleg urolige for konsekvensane det har for dei elevane som tilhøyrer eit språkleg mindretal i den norske skulen, seier Wetås. ●

# Å skrive med eit mål

Språk er leik. I alle fall for ein forfattar. Og skrivning handlar i stor grad om å gå dit språket ber deg. I eit forsøk på å setje saman ord, setningar og avsnitt kan du ende opp ein heilt annan plass enn du hadde sett for deg. Det er språket som ber skrivninga.

AV NORA ASCHIM

Mitt eige språk har blitt forma av målforma eg vaks opp med. I kommunen eg kjem frå, var det bokmål som var det gjeldande målet. Da eg var lita, var ikkje nynorsk eit tema, berre noko eg visste kom da eg skulle byrje på ungdomsskulen. Da eg vart litt eldre, opplevde eg nynorsk som ein nisje. Det var nær eit «statement» å skrive nynorsk i kretsen min.

Fleire av mine jamgamle uttrykte stor misnøye med å lære å skrive nynorsk i skulen. Dei hata det. Det var noko urettferdig og kjedelig lærarane og Stortinget hadde prakka på dei, som dei opplevde som fullstendig unødvendig. Som dotter og barnebarn av norsklærarar blei eg oppgitt over dette hatet mot nynorsk. Kunne det verkeleg vere så ille å lære seg eit anna skriftspråk?

Eg tenkte eg skulle vise at nynorsk ikkje trong å vere så ille. At det var mogleg å skrive nynorsk utan å vekse opp med det. Eg hadde ikkje nødvendigvis eit ønske om at andre skulle sjå at eg kunne skrive nynorsk, men eg ville vise det for meg sjølv. Da eg verkeleg bestemte meg for å bli ein nynorskbrukar, var det ikkje nynorskundervisninga og lekser som hjelpte meg på vegen. Det var min eigen leik med →





Det var som om eg hadde knekt ein kode, at eg hadde fått ei ny verktøykasse i skrivinga. Eg hadde plutseleg dobbelt så mange ressursar.

→ språket, mitt eige forsøk på å skrive som gjorde at eg lærte meg språket.

Eg tenkte aldri at det hemma skrivearbeidet mitt å berre bruke eitt mål, og eg fann stor skrive- og språkglede innanfor språkrammene eg hadde vakse opp med. Men på eit tidspunkt byrja eg å skrive nynorsk, og da skjedde det noko med språket mitt. Ettersom eg ikkje hadde stor erfaring med å skrive nynorsk, måtte eg i stor grad prøve og feile før eg fekk kontroll på språket. Og dette kravde nye måtar å tenkje språk på – med ei leiken tilnærming.

Kjensla av å ha lært eit nytt språk gav meg meistring. Eg opplevde at eg meistra både skrivning og språk betre ved å veksle mellom dei to målformene. Det var som om eg hadde knekt ein kode, at eg hadde fått ei ny verktøykasse i skrivinga. Eg hadde plutseleg dobbelt så mange ressursar.

Skriving er ein prosess, og det krev mykje arbeid å skrive ein god skjønnlitterær tekst. Når eg skriv, må eg leite fram teksten. Han finst ein plass i hovudet mitt, og eg må prøve å skrive han ned. Det kan vere lett eller vanskeleg å få ned orda eg leitar etter, på papir, og her kan målforma eg brukar, vere eit viktig verktøy. Somme gonger er det lettast å skrive på målet eg kjenner best, andre gonger kan nynorsk gjere heile leiteprosessen mykje enklare.

Det botnar hovudsakleg i gleda ved varia-

sjon. Dei færraste vil vere i det same for lenge. Og om eg jobbar i det same for lenge, blir arbeidet ikkje lenger fruktbart. For meg var det å veksle mellom å skrive tekstar på bokmål og nynorsk ei god løysing på dette. Eg blei meir inspirert av å ha to ulike språk eg kunne gå ut og inn av, som eg samstundes opplevde som «mine» språk. For meg hadde det ikkje vore det same å skrive på engelsk eller eit anna framandspråk, da eg ikkje kjenner tilhøyrsløse i desse språka. For at det eg skriv, skal kjennast som mitt, må eg skrive innanfor språkrammer som er naturlege for meg.

Eg kan «finne meg sjølv» i både nynorsk og bokmål. Begge målformene fell meg naturleg, sjølv om eg rett nok sit flittig med ordboka når eg skriv nynorsk. Sjølv om eg ikkje vaks opp med nynorsk, har eg brukt målet i fleire år no. Å veksle mellom målformene blir meir og meir ein del av den språklege identiteten min.

Tidvis er det som om eg har ei anna røyst i meg når eg skriv nynorsk. Det er ein annan del av meg som vil fortelje enn når eg skriv bokmål. Den eine røysta er ikkje nødvendigvis betre enn den andre, men dei er gode til kvar sine ting. Dei er gode til å hente fram alle delar av meg som kan skape noko nytt.

Eg meiner ikkje at nynorsk eignar seg betre til å skrive dikt og bokmål til å skrive romanar. Men eg trur at enkelte dikt treng å vere skrivne



på nynorsk, og enkelte romanar gjer seg best på bokmål, og omvendt. Det kjem an på kva uttrykk teksten ber om, og kva du vil uttrykke som forfattar. Det hadde hemma skrivinga mi om eg skulle presse eit nynorskprosjekt inn i eit bokmålsuttrykk. Målforma er knytt til heile tankeprosessen skrivinga bygger på.

Dei ulike målformene har ulike moglegheiter. Kwart mål har si setningsoppbygging, sine ord og lydar, sine rørsler. Å skrive på det eine målet kan kjennast som å setje på ein song og danse seg gjennom språket. Kwart mål har kvar si speleliste, kvar sin estetikk. Og gjennom å skrive på ulike språk kan eg finne ulike uttrykk og stemningar som passar den teksten eg prøver å skrive, på ein god måte. På same måte som ein skjønnlitterær tekst har eit potensial til å bli god, har dei ulike målformene potensial til å vere byggeklossar for gode tekstar.

Som ung forfattar er ikkje røysta eller skrivevestilen min sett. Eg er framleis i rørsle, på jakt etter mitt eige uttrykk. Og det kan hende at eg endar opp med fleire røyster, ikkje berre éi. Men eg trur jakta på mitt eige språk og uttrykk vil gå enklare når eg veksler mellom målformene. Eg får moglegheita til å nærme meg språket på ein ny måte, samtidig som eg får distanse gjennom å vere i noko anna ei stund.

Sjølv om eg har eit håp om å få ei tydeleg røyst som forfattar, håpar eg leiken med språk


aldri tek slutt. Eg vil finne alle krumspring og vendingar språket har å tilby. Og eg har ei tru på at om eg held fram med å bruke to målformer, vil sjansen for å kunne bli verande i leiken større. Det er meir å ta av, fleire vegar å gå. Eg har trua på at språket er utømmeleg og evig, berre eg let det vere slik. Eg må ikkje forsøke å eige språket for mykje, da blir poenget fort borte. Språket skal vere levande, det skal vere i rørsle. Det er slik eg vil skrive. ●

→ NORA ASCHIM (f. 1998) er forfattar, skodespelar og litteraturformidlar. Ho har skrive romanen *Edel* (2021), boksingelen *Katt venter på Dag Solstad* (2020) og diktsamlinga *Unngå øyekontakt* (2017). Aschim fullførte ein bachelorgrad i allmenn litteraturvitenskap ved Universitetet i Oslo i 2019.

# Hvem skal redde norsk fagspråk?


Norsk språk taper terreng ved universiteter og høyskoler, og studentene møter stadig mer engelsk både i pensumbøker og undervisning. Denne utviklingen truer det norske fagspråket.

Jeg later som at jeg forstår alle de fancy engelske faguttrykkene i pensum, og bruker dem selvsikkert. Men egentlig er jeg livredd for å dumme meg ut og si noe feil. Jeg får ikke tak på stoffet.




Norske studenter vil ha pensum og undervisning på norsk. De forstår fagene bedre på morsmålet sitt og blir bedre rustet til å møte norsk arbeidsliv.

«Alle» er enige om at det er viktig å vedlikeholde og utvikle norsk fagspråk. Hvorfor er det så vanskelig i praksis? Hva skal til? Hvem har ansvaret? På Språkdagen møtes professoren, Kunnskapsdepartementet, Forskningsrådet og Universitets- og høgskolerådet til debatt.



**Følg debatten 9. november**  
[sprakradet.no/sprakdagen](https://sprakradet.no/sprakdagen)



Forskere og undervisere ved norske universiteter står i spagaten mellom kravet til internasjonalisering og ansvaret for å vedlikeholde og utvikle norsk fagspråk.



NHOs kompetansebarometer viser at næringslivet etterspør fagfolk som kan faget sitt på norsk.

Illustrasjoner: @norskehjemmeligheter / Cathrine Louise Finstad

# SPRÅKDAGEN 2021

Disse deltar i debatten om norsk fagspråk:



**Statssekretær**

i Kunnskapsdepartementet



**Sunniva Whittaker**

styreleder i Universitets- og  
høgskolerådet



**Mariel Aguilar-Støen**

professor ved Senter for  
utvikling og miljø,  
Universitetet i Oslo



**Kristin Danielsen**

områdedirektør for  
internasjonalisering og  
forskningssystemet,  
Forskningsrådet



Debattleder:  
Espen Aas  
NRK / Dagsnytt 18

→ Meld deg på  
Språkdagen her

Språkdagen arrangeres i  
Det Norske Teatret tirsdag  
9. november 9.00–11.30  
og kan følges som  
direktesending digitalt.

Registrer deg nå, og du  
får lenke til sendingen  
på e-post på forhånd:

[sprakradet.no/sprakdagen](https://sprakradet.no/sprakdagen)

# Anglofil forkjemper for norsk fagspråk

Hun har knapt gått på norsk skole, og hun snakker engelsk med familien sin. Likevel brenner Sofie Høgestøl for fagspråk og formidling på norsk.

AV SIGRID SØRUMGÅRD BOTHEIM  
FOTO: FRODE HANSEN, VG

Mange la merke til juristen Sofie A.E. Høgestøl da hun dukket opp på fjernsynsskjermen under det amerikanske valget. Hun fortalte om valgprosessene på en måte som gjorde at vi nordmenn greide å henge med.

Men det var ingen selvfølge at Høgestøl skulle bli kjent som en stjerneformidler av kompliserte saker på norsk. Høgestøl har nemlig vokst opp i utlandet. Skriftlig norsk har hun ikke hatt på skolen siden hun var ti år. →







Foto: Jan-Petter Dahl, TV 2

→ – Da jeg var ti år, flyttet vi til utlandet. Jeg har bodd i Rotterdam og Singapore, og der gikk jeg på engelske og internasjonale skoler. Jeg hadde norskundervisning én gang i uka. I Singapore var dette på fredager rett etter skolen, det var ikke det mest motiverende tidspunktet akkurat!

Som tenåring bodde Høgestøl noen år i Oslo, der hun fremdeles gikk på engelsk skole. Så flytta hun igjen til utlandet for å studere. Med unntak av ett år i Bergen bodde hun i utlandet til hun ble 27 år.

– Jeg var praktikant ved den norske ambasadens i Haag. Da forstod jeg at norsken min ikke var god nok. Derfor tok jeg et studieår i Bergen for å lære norsk. Norsk er jo morsmålet mitt, men jeg beherska engelsk mye bedre. Fremdeles snakker jeg engelsk med søsknene mine.

### Norsk fagspråk viktig for samfunnet

Da Høgestøl vendte tilbake til Norge for å bli stipendiat ved Norsk senter for menneskeret-

tigheter ved Universitetet i Oslo, var det ikke norsk fagspråk hun var mest interessert i.

– Om du hadde sagt til meg i 2013 at jeg skulle bli opptatt av norsk fagspråk, så ville jeg ikke trodd deg! Jeg skrev doktorgradsavhandlingen min på engelsk. Siden jeg samtidig var opptatt av formidling, slo det meg hvor sårbart norsk fagspråk er. Om vi mister fagspråket, mister vi også evnen til å formidle viktige saker til samfunnet.

*Sammen med Anna Andersson og Anne Christine Lie har du skrevet en bok om fremmedkrigere. Var det et bevisst valg å skrive boka på norsk?*

– Ja. Det finnes lite norskspråklig forskning om fremmedkrigere, men dette temaet er jo norskrettslig. Vi trenger norske ord for å snakke om dette temaet. Samtidig tror jeg det er stor interesse i verden for hvordan vi i Norge straffer fremmedkrigere, så det er viktig å publisere også på engelsk. I England og USA slipper de slike debatter, for de publiserer bare på mors-

# Om vi mister fagspråket, mister vi også evnen til å formidle viktige saker til samfunnet.

målet sitt uansett. I Norge må vi publisere på både norsk og engelsk.

En måte å støtte norskspråklig formidling på er å gjøre noe med insentivordningene. I dag blir forskere premiert for å publisere i internasjonale tidsskrifter. Høgestøl tror det er på tide å endre disse ordningene.

– Ordningene fører til at vi skriver mindre på norsk. Jeg vil absolutt råde unge studenter til å skrive mye på engelsk og å dra på utveksling til utlandet. Men mange av studentene kommer til å bekle juristposter i kommunene og departementene. Da bør de kunne skrive om for eksempel EØS-retten på norsk.

### Vil ha mer formidling i akademia

I disse dager driver Høgestøl med et oppussingsprosjekt hjemme. Hun sier selv at hun ikke kan noe om oppussing. Derfor er det avgjørende å ha gode fagfolk.

– Det er dyrt å pusse opp, og det er mange overveldende valg. Hvordan skal lysoppsettet være i stua, for eksempel? Jeg trenger dyktige

fagfolk som kan forklare meg de ulike alternativene. Det er fint at de forklarer meg hvordan en sikringsboks fungerer, uten at jeg føler meg dum. Da må jeg selv gjøre det samme; jeg må forklare faget mitt slik at folk forstår.

Forskning, formidling og utdanning henger tett sammen, mener Høgestøl. Hun tror at hun blir en bedre fagperson av å formidle kunnskapen sin. Når man formidler, må man prøve å finne balansen mellom det presise og nyanseerte og det tilgjengelige og forståelige. Det er en utfordring hun liker. Men hun skulle ønske at formidling hadde fått mer oppmerksomhet på arbeidsplassen hennes.

– Formidling er et stebarn i akademia. Vi får poeng for andre ting. I en travel hverdag er det mange som ikke har tid til å formidle. Men jeg får mye faglig igjen for det. Dessuten mener jeg at formidling er et av de viktigste samfunnsoppdragene akademia har.

### Språk og menneskerettigheter

Våren 2021 ble språkloven vedtatt av Stortinget. →

Det juridiske språket er vanskelig for mange, og det blir et demokratisk problem når folk ikke forstår vedtaksbrevene de får. Det går ut over rettssikkerheten.

→ Noe av hensikten med denne loven er å styrke det norske språket, ta vare på språkmangfoldet og styrke den enkelte språkbrukers rettigheter. Høgestøl ser språkloven i sammenheng med sitt eget felt, menneskerettigheter.

– Minoritetsgrupper eller urbefolkninger har en del særrettigheter, for eksempel retten til å bruke sitt eget språk. Begrepet menneskerettigheter kan virke ganske svevende, men gjennom lovgivning kan rettighetene bli mer konkrete. Det at samiske barn får undervisning i ett av de samiske språkene, det er en konkretisering av menneskerettigheter.

*Hvilke andre ting ved språkloven vil du trekke fram?*

– Språkloven er kort, konsis og konkret. I formålsparagrafen står det at norsk skal kunne brukes på alle samfunnsområder. Loven gir dermed et tydelig signal om at det offentlige må arbeide for å sikre norsk fagspråk, og det synes jeg er positivt. Norsk er både bokmål og nynorsk, så vi trenger også folk som kan for-

midle godt på nynorsk. Loven gir rettigheter til brukere av minoritetsspråk og urfolksspråk. Og det er viktig at norsk tegnspråk har offisiell status, det har vi blant annet sett under pandemien.

### **Heier på klarspråk**

Høgestøl forteller at hun har dysleksi, og at hun derfor setter ekstra stor pris på klarspråkspara- grafen i språkloven. Denne paragrafen sier at det offentlige har plikt til å kommunisere klart og skrive korrekt og tilpasset målgruppa.

– Det juridiske språket er vanskelig for mange, og det blir et demokratisk problem når folk ikke forstår vedtaksbrevene de får. Det går ut over rettssikkerheten. Nå blir det slått fast at offentlige organer skal bruke klart språk.

*Det finnes ingen sanksjonsmuligheter i språkloven. Det vil si at et offentlig organ ikke får bot eller annen straff om det for eksempel ikke skriver klart nok. Tror du likevel at loven kommer til å virke etter intensjonen?*



– Det får vi vite om et par år. Hvis vi om fire–fem år ser at offentlige organer ikke skriver klart nok, kan det innføres sanksjoner. Det vil komme revisjoner av loven, det er bare positivt.

#### **Valglov som etterutdanning**

Høgestøl har selv erfaring med klarspraksarbeid; hun var nemlig med i valglovutvalget. Utvalget skulle lage forslag til ny valglov og vurdere endringer i valgordningen. I den nye valgloven skulle språket være klart og forståelig, noe daværende kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner la vekt på da han presenterte utvalget i 2017.

– Valgloven skal bli brukt av folk som ikke er jurister. Om du er valgfunksjonær i en kommune, og det kommer noen på valgdagen som ikke står i manntallet, da må du vite og forstå hva lovteksten sier om nettopp dette. Det å være med i valglovutvalget er kanskje blant de viktigste etterutdanningene mine. Jeg fikk være med og skape juss og skrive grunnlovsparagrafer. Dessuten fikk vi språklig bistand fra Språkrådet. Denne hjelpen var veldig nyttig, og objektivt sett gjorde den loven mye bedre. Språkrådet la blant annet fram en liste over kanselli-ord, og vi hadde brukt alle ordene! He-he. ●



Foto: Ole Kaland, NRK

## Språkbrukeren

KAROLINE RIISE KRISTIANSEN  
språksjef i NRK

# Skråsikker

Eg har aldri vore av den skråsikre typen. Det er mykje eg er sikker på, men det å vere urokkeleg og brennsikker har ikkje vore heilt «mi greie». Er det éin ting eg derimot er sikker på, så er det at «sosiale medium» er komne for å bli.

Grunnen til at eg ikkje kjenner meg heime i det å vere skråsikker, er at det «bastante» ofte følger med: meininga om at det ikkje finst eit anna svar, ei anna sanning eller ei kontinuerleg utvikling. Det skal vi vere litt varsame med å meine, meiner eg.

Eg har mykje å lære. Difor går eg ofte til fasiten: ordbøkene. Å slå opp i ordbøkene og bruke dei som rettesnor i det daglege arbeidet både som skriftleg og munnleg journalist, er eitt av mine beste tips, og eg deler det så ofte eg kan, saman med tipset om alltid å tore å spørje om hjelp. For slik er det jo med både språk og menneske, vi er i kontinuerleg utvikling.

Det er her dette med «sosiale medium» kjem inn. Er det éin ting eg har erfart som ny språksjef i NRK, så er det at NRK-språket engasjerer. Til publikumsservice kjem det om lag 5000 spørsmål, tilbakemeldingar, meiningar og rettingar i månaden, og om lag 200 av desse er tilbakemeldingar om språk. Alle desse går eg, språkstyret i NRK og redaksjonsleiarane gjennom, for å lære kva vi kan bli betre på.

Første gongen eg fekk ei av dei lange, sinte tilbakemeldingane om «sosiale medium», vart eg overraska. Den andre gongen vart eg forundra, og gong nummer tre, fire og fem (ja, du skjønar teikninga) vart eg rett og slett litt fasinert. Saka

er at det kvar månad er fleire som brukar ein del tid (og ein del energi, vil eg tru) på å skrive lange tilbakemeldingar til språksjefen i NRK, der dei gjer narr av, er sinte for, ja rett og slett er svært opprørte over at nynorskbrukarar i NRK skriv og seier «sosiale medium», som dei bastant meiner er riv ruskande gale. «KAN NOEN LÆRE NYNORSKBUKERNE I NRK AT DET HETER SOSIALE MEDIER PÅ DET NYNORSKE SPROG OG IKKE SOSIALE MEDIUM!!!!», skreiv ein av dei. Han skreiv det slik, med store bokstavar og akkurat så mange utropsteikn.

For tilbake til det med fasiten: Når du skriv med både store bokstavar og ein haug med utropsteikn, så er du skråsikker. Du er så viss om at du har rett at du skrik det ut gjennom tastaturet og slett ikkje bryr deg med å sjekke fasiten, Nynorsk-ordboka, som er tilgjengeleg for alle og berre eit tastetrykk unna. Det er rett og slett fasinert. Når eg med små bokstavar svarar og lenkjer til fasiten, får eg sjeldan svar.

Dei treng hjelp – til å slå opp i ordbøkene.

**skrå|sikker** adj. heilt viss; brennsikker  
vere skråsikker på noko  
/ ha ei skråsikker og sjølvgod mine





VELKOMMEN TIL

# SPRÅKDAGEN

2021: Lov laga

**9. november**

Det Norske Teatret,  
kl. 9.00–11.30





Meld deg  
på her:

[sprakradet.no/  
sprakdagen](https://sprakradet.no/sprakdagen)

Les deg opp,  
og bli med i debattene  
på sosiale medier med  
emneknaggen

#språkdagen2021



Returadresse:  
Språkrådet  
Postboks 1573 Vika  
0118 OSLO

# Vi gratulerer



## Katrine Sele med Språkprisen 2021

Kvar haust deler Språkrådet ut Språkprisen på 100 000 kroner for framifrå bruk av norsk i sakprosa. Prisen blir delt ut for bokmål og nynorsk annakvart år. I fjor vann Torgrim Eggen, og året før fekk Kristin Fridtun prisen.

**Språkrådet**



